

[Vitengarden]: ► **LANDSKAP I ENDRING**

– vandreutstilling på Vitengarden 26 november 2006 – 25. mars 2007

Dei siste hundre åra har store delar av kulturlandskapet i Norge gjennomgått grunnleggande endringar. Nye tettstader, bustadfelt eller industriplassar har vakse fram der det før var jordbruksland med åker og eng, andre stader har skog og annan vegetasjon overtatt gammal innmark eller beiteland. Denne utviklinga i det norske landskapet kan du nå bli betre kjent med på Vitengarden. Vandreutstillinga "Tilbakeblikk – norske landskap i endring" står utstilt her i tidsrommet 26 november til 25. mars 2007.

Utstillinga er laga av NIJOS, Norsk institutt for jord- og skogkartlegging i samarbeid med Norges bondelag, Norsk bonde- og småbrukarlag, Riksantikvaren og Staten landbruksforvaltning. Utstillinga viser landskapsendringar frå 20 ulike stader i Norge, 40 foto til saman, i perioden 1880 – 2005. Ulike landskapsmotiv frå 1880-åra og framover er nyfotograferte i 2004, og mange av dei dokumenterer såleis store endringar.

**Kva med endringane i dagens jærlandskap?**

Vitengarden har planar om å følgja opp utstillinga med ein fotodokumentasjon av endringane i kulturlandskapet på Jæren i dag. Me håpar at skuleelevar i Klepp, Time og Hå vil hjelpa oss med dette.

Utstillinga står på Vitengarden, Nærbø



[Vitenfabrikken]: ► **NYTT OM GAMLE FOTO**

– ABM-midlar til Rogaland

Det skjer noko med støvete fotosamlingar! Me har gjennom fleire år hatt eit fylkesnettverk der 14 muse og arkiv med fotosamlingar kjem saman for å få fagleg påfyll og utveksla erfaring. Statsarkivet i Stavanger har ansvar for nettverket, med Lisabet Risa som fotoarkivar. Målfrid Grimstvedt på Jærmuseet er leiar av styringsgruppa i Fylkesfotonettverket.

Nå har fotonettverket fått midlar frå ABM-utvikling til ei treårig satsing på fotoregistrering, etablering av felles inter-nettside for fotobevaring og utarbeiding av ein felles søkbar fotodatabase.

På nettsida for fotonettverket skal me presentera hovudlinene i fotografihistoria i Rogaland. Me har fått midlar til ei prosjektstilling – ein registrator og koordinator som skal leggja opp rutinar og hjelpa til med å få orden på digitalisering og registrering. Me reknar med å få i gang arbeidet våren 2007.

Jærmuseet har store samlingar av gamle foto, serleg frå industrien i Sandnes og på Jæren. Dei største samlingane er frå Kvernelands fabrikk, Jonas Øglænd og Underhaug Fabrikk. Me har registrert foto i mange år, og har begynt å digitalisera foto, men gjennom dette prosjektet vil innsatsen bli opptrappa og meir målretta.

Jonas Øglænds sykkelfabrikk i Sandnes. Produksjon av sykkelskjermar og felgar i 1927/28.



[Vitengarden]:

► **DEN GYLNE SPASERSTOKK**

På Nærbø finn me mange spreke pensjonistar. Kvar onsdag føremiddag møter du ei gruppe ivrige turgåarar på veg ut i Hanabergmarka. Etter turen er det kaffi og drøs i kafeen i museumsbygget.

Tiltaket blei i si tid sett i gang av Nærbø Sanitetsforening med Inger Zachariassen og Egil Tofte som pådrivarar. Sr-bank Nærbø er ein viktig samarbeidspart, og 12. desember kunne Anne Karin Undheim og Lars Nærland for åttande gong dela ut "Den gylne spaserstokk" på det årlege arrangementet på Vitengarden.

«Sjølv den som skal flytta eit heilt fjell, må begynna med å bera vekk små steinar.»

Denne utmerkinga får alle deltakarane første året. Andre året får du eit gullmerke til å festa på stokken, neste år sølvmerke og så bronsemerke – og så nye merke for kvart år. Men prosjektet omfattar meir enn turgåing. Dei ivrigaste har eit kort der dei noterer ned ulike trimaktivitetar gjennom året – som symjing, hjertetrin, eldretrin i idrettshallen m.m.

Banksjef i SR-bank Nærbø, Anne Karin Undheim, deler ut merke til Aud Lillian Johnsen – ein av dei ivrige deltakarane i pensjonisttrimmen på Nærbø.





Side 2

[Vitengarden]: ► **NYE SHERRYTOMATAR PÅ VITENGARDEN!**

1. desember kunne me for første gong hausta sherrytomatar på Vitengarden. Som kjent har me eit lite drivhus i utstillinga "...men mat må me ha". Sidan vinteren 2005 har me dyrka vanlege tomatar her, men nå er det tid for å prøva nye sortar. Tomatfrøa vart sådde 5. september, og avlinga ser allereie lovande ut. Godt smakar dei også. Berre prøv sjølve – ei lita korg på 250 g kostar kun 10 kroner!



Avd.leiar Helene Østby Larsen haustar Vitengarden sin e første sherrytomatar.

[Vitenfabrikken]: ► **NYE VITENSENTRA PÅ SØRVESTLANDET?**

– Besøk frå Arendal

Vitensenter-ideane spreier seg nå over landet. Stadig fleire kommunar, forskings- og skulemiljø syslar med planar om å etablere lokale vitensentra. Som regionalt vitensenter for Sørvestlandet har Jærmuseet ansvar for å formidle eit vitensentertilbud til Rogaland og Agderfylka. Dette har me i stor grad løyst ved å tilby Science Circus til dei skulane som har vanskar med å nå dei faste vitensenterutstillingane våre på Vitengarden eller Vitenfabrikken. Jærmuset har i tillegg innleia eit samarbeid med Agder Naturmuseum og Botaniske hage i Kristiansand som lånte planetariet og eksperimenta til Science Circus tidlegare i haust.



Representanter frå Arendal på omvising på Abelloftet, Vitenfabrikken

I november hadde Jærmuseet besøk av 11 entusiastar frå Arendal – med ordførar Torill Rolstad Larsen i spissen. I tillegg til politikarar og administrasjon inkluderte delegasjonen representantar frå skulemiljø, GRID-senteret, Flødevigen/Havforskingsinstituttet og Aust-Agder kulturhistoriske senter. Eit lokalt vitensenter i Arendal er tenkt lokalisert i Arendal Kunnskapshavn som nå er under etablering. Gjestene våre besøkte både Vitenfabrikken og Vitengarden, og let seg så absolutt inspirera til vidare planlegging.

... og frå Haugesund

Nokre veker seinare møtte nysgjerrige Haugalendingar opp på Vitenfabrikken, Også i Haugesund undersøker dei nå mulegheitene for å etablere eit vitensenter, m.a. etter initiativ frå Åse Soland Bjelland i Haugalandet Skole- og Arbeidsliv. Kva rolle dei regionale vitensentraene skal ha ovanfor slike lokale tiltak blir m.a. drøfta i vitensenternetverket og med ABM-Utvikling (Staten senter for arkiv, bibliotek og museum). Jærmuseet synest det er positivt at vitensenterideane breier seg til nye grupper og distrikt. Det vil vera ein fordel å ha lokale samarbeidspartar i "utkantane" av vår region, særleg viss dette kan avlasta turnelivet til Science Circus. Slik det ser ut nå vil dei regionale vitensentraene bli viktige kompetansesentra for vitensenterarbeidet i dei ulike regionane, men

skal me følgja opp desse målsettingane må personalressursane aukast.

Også på Utsira skjer det noko!

På øya vest i havet har dei spenstige planar. For eit par år sidan rulla traileren til Science Circus i land på Utsira. I tillegg til dei vel 30 grunnskuleelevane på øya, blei det open kveld med eksperiment og planetarium for heile lokalbefolkninga. Nå ønskjer rådmann Arna Leidland, rektor Jarle Nilsen og miljø- og plansjef Atle Grimsby å bygga ny skule med særleg innretning mot realfag. Naturleg nok vil ver og klima vera viktige tema – kven har ikkje høyrte vermeldingane frå "Utsira sør" og "Utsira nord"? Først i desember besøkte dei Jærmuseet, Vitengarden, og dei ønskjer medverknad frå Jærmuseet i den vidare planlegginga.

[Vitengarden]: ► **"VAKTAFESTEN 2006"**

Gode drøs og sild på menyen då den årlege vaktafesten blei arrangert på Vitengarden. Jærmuseet sine ulike avdelingar har mange gode hjelparar. Som takk for innsatsen inviterer museet dei frivillige vertane til ei hyggeleg kveldsstund mot slutten av arbeidsåret. Dette har vore ei årviss tilstelling for Vitengarden og Hå bygdemuseum. Dette året var også Klepp Historielag med i laget. Kvar sundag i sommarsesongen har dei stilt med frivillige vertar på Haugabakka der me har vist utstillinga "Sild på Jæren".

\*Kva skjer? 02: DESEMBER 2006

Ansvarleg redaktør: Målfrid Snørteland  
Innspeil kan sendast til: post@jaermuseet.no

Designmal: unniform